

Meland Kommune
Teknisk etat
Postboks 79
5906 Frekhaug

Vikebø, 05.05.2015

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel LNF-område for arealoverføring frå Gnr. 45 Bnr. 8 til Gnr. 45 Bnr. 91.

Eg vil med dette søke om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdelplan for å få utført ei arealoverføring frå Gnr. 45 Bnr. 8 til Gnr. 45 Bnr. 91, som begge ligg i LNF-område.

Bakgrunn: Bnr. 91 vart skilt ut frå Bnr. 8 på 60-talet som fritidseigendom. Området utgjer ca. 700m², og ligg oppe på ein haug, «Rishaugen», som ligg mellom innmarka til Bnr. 8 og Åsebøvegen. Deler av grensa mellom fritidseigendomen og innmarka går langs ein nær loddrett bergskrent på eit par meter høgde, og arealet på «Rishaugen» heng difor ikkje naturleg saman med den omkring liggande innmarka, og har heller ikkje vorte nytta til jordbruk. På Bnr. 91 er det dårlege mogelegheiter for parkering av bil. Med bakgrunn i dette vart det i 2005 inngått ein tinglyst avtale, dagboknr. 1338 i Nordhordland Tingrett, der Bnr. 91 fekk disponere eit areal på Bnr. 8, aust for Bnr. 91 for innkjøring og parkering. Denne avtalen gjekk ut 31. desember 2014. Bnr. 91 har også disponert ein del av platået som fritidsbustaden står på som hage, vest for Bnr. 91, sjølv om denne delen fell utanfor Bnr. 91 sine grenser, men det har vore ei felles forståing mellom eigarar av Bnr. 8 og Bnr. 91 om at dette har vore greitt, då dette ikkje har vore til ulempe for Bnr. 8. Dette arealet har vore ei naturleg forlenging av hagen til Bnr. 91 då det ligg på same platå, fram mot kanten ned mot omkring liggjande innmark.

Eigarar av Bnr. 8 og Bnr. 91 ønskjer no å få på plass ei meir permanent ordning når det gjeld disponering av arealet rundt Bnr. 91, til det beste for begge partar, og søker difor om å kunne overføre arealet som har vore disponert av Bnr. 91, ca 550m², frå Bnr. 8 til Bnr. 91, sjå vedlagt situasjonskart. Endringa vil ikkje ha innverknad på jordbruksarealet til Bnr. 8, då arealet som er foreslått overført ikkje har vore nytta til jordbruk då det er vanskeleg tilgjengeleg frå resten av innmarka. Forslaget til nye grenser er skissa inn slik at det i best moeleg grad følgjer terrenget og dei naturlege skilja mellom innmark og fritidseigendomen. Sjå også vedlagte bilete for skisser av nye grenselinjer.


Stein Ove Vikebø
Vikebø 8
5917 Rosslund



Oversiktsfoto



Frå nord



Mot nord



Mot vest



Frå sør



Frå vest